



Nissedal kommune Interkommunalt plankontor

Internt notat

| Vår ref. | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|------------|--------------------------|------------|------------|
| 2021/108-1 | Sveinung Seljås,35048430 | 81/2 | 28.01.2021 |

| | |
|------|---|
| Til: | Jo Breivegen, Yngve Breivegen, Tyke Tveit, Oddrun Valle |
| Fra: | Sveinung Seljås |

K - 81/2 og 81/8 - Detaljreguleringsplan Tollemogen massetak - referat førehandskonferanse

Tid: 26.01.21, kl. 13.45-14.45 Stad: Kommunehuset, Kviteseid
Til stades: Frå Hovden hytteservice AS Jo og Yngve Breivegen, frå Planhuset AS Oddrun Valle og Tyke Tveit og frå Kviteseid kommune Sveinung Seljås

Området det er tatt initiativ til å detaljregulere, er eit område avsett med arealføremålet råstoffutvinning, eksisterande og framtidig, avmerka som felt BRU12 (ca. 42 dekar) i kommuneplanen (2019). I føresegndene til kommuneplanen heiter det (pkt.2.7) at vidare uttak i dette området ikkje kan skje før det er utarbeidd og godkjent ein detaljreguleringsplan over området.

Punkt til drøfting:

1. Planprosess:

Planen blir fremja som reguleringsplan-detaljplan etter §§ 12-1 til 12-7 i plan- og bygningslova. Blir det fremja ein plan med planavgrensing som tydeleg går ut over avgrensinga av feltet BRU12 i kommuneplanen, må det søkast kommunen om ei avklaring av om lovkravet om planprogram og konsekvensutgreiing (KU) kan fråvikast.

2. Planavgrensing:

Utgangspunktet er at planavgrensinga skal fylge avgrensinga av feltet BRU12. Endring kan likevel bli aktuelt, ut frå ei nøyare vurdering i marka, jf. pkt. 1.

3. Planframstilling:

- Området, kontrollert opp mot dei ulike tema som ligg i *NVE-atlas* under *Naturforvaltning* gir ingen treff. Det kan likevel bli krav om meir detaljert biologisk-mangfald-registrering.
- Søk same stad på *Naturfarar* viser ingen hendingar. Nedre del av området området ligg derimot i utløpsområde for snøskred (dette synest urealistisk) og i flaumsone langs Morgedalsåi.
- Fylkeskommunen som kulturminnemynde kan krevje arkeologisk undersøking av området.
- Planen skal framstillast i SOSI-standard, siste versjon. Kartgrunnlaget, digitalt 1:1 000 blir levert frå kommunen.

4. Oppstartsvarsel.

Planoppstart varslast i VTB, ved varslingsbrev og på heimesida til kommunen.(Tilsendte kopi av annonse, kart og brev til fagmyndighetar og rettighetshavarar m.m. rundt planområdet blir av plankontoret lagt på kommunens heimeside.) Forslag til adresseliste over dei som bør varslast ligg på lenka: <https://www.nissedal.kommune.no/reguleringsplan-rett-til-fremje-forslag.491161.22289268.tkt.html#generelt>, og må supplerast med aktuelle naboar. Lister blir utlevert frå kommunen.

Innspelsfristen er ikkje oppgitt i pbl §12-8. I §12-9 (planar som også skal ha planprogram) er innspelsfristen sett til minst 6 veker. Det blir lagt til grunn at fristen også her blir sett til 6 veker.

6. Plannamn og planidentitet

Av alternative namn (Brunkeberg, Omtveit, Tollemogen) blei det tilrådd å bruke Tollemogen. Planid er fastsett til 38212021001.

7. Planbehandlingsgebyr.

Kommunen v/plankontoret krev inn planbehandlingsgebyr i samsvar med vedteke gebyrregulativ, for 2021 kr 33 300. Gebyret blir fakturert når kommunen har mottatt planforslaget til fyrstegongs behandling. Gebyrkravet blir sendt til Hovden Hytteservice AS, om ikkje anna blir avtala.

8. Anna

Før vidare uttak, skal drivar av massetaket ha driftskonsesjon. Søknad til Direktoratet for mineral-forvaltning om konsesjon kan utarbeidast og behandlast parallelt med detaljreguleringsarbeidet.

Ut frå dagens situasjon i massetaket, svært høge usikra brotkantar, vil kommunen vere positiv til ein dispensasjon frå plankravet for nødvendig uttak med tanke på nedsprenging og sikring av desse.

Kviteseid/Treungen 26.01./28.01.21.

Sveinung Seljås
-plansjef